Styremøte SBTK 12 desember 2013

Tidspunkt: 17:30 i Stavanger Idretthall.

Til stede: Sissel Leffmann, Jørn Martinsen , Kjell Reidar Søiland, Roald Lygre, Trond Skeie

Referent: Roald Lygre

1. Gjekk gjennom referat frå styremøtet den 14. november.

2. Mulig nytt lokale. Roald har skaffa treningslokale på Sola, med plass til 4-5 bord. Me kan setja eit av dei gamle (lilla) rulleborda ut dit i første omgang og sjå om me kan få brukt det.

3 . Treningsleir neste år? Roald sjekkar Krakow eller Gdansk neste sommar. Trond snakkar med Alex om Romania. Tentativ dato: 22 juni og til påfølgande søndag eller måndag.

4. Ny serieordning: Jørn lurar på kva som skjer med dei som vinn nest høgaste divisjon i år? Sissel tek det opp på møte.

5. Politiattestar: Alle i styret pluss Lubo og Radek må skaffa og visa politiattestar.

6. Klubbsamling; Roald er i kontakt med Jan Berner . Aktuell dato: 22. februar

7. Valgkomite: Kjell snakkar med Roy om å vera med (i tillegg til Kjetil S)

8. Medlemskontingent, medlemsregister.
Kjell skal senda ut faktura basert på treningsoppmøte. Me ser på å bruka det sentrale registeret til idrettsforbundet.

9. Oppsummering Siddistreffen
Kva var bra: Sissel: Virka profft. Jørn: Gjekk bra sett utanfrå. Hotellet var ein suksess (86 stk på buffet, 40 rom).
Kva kan bli betre neste gang: Passa på vaskinga (søkja om fredagen). Søka om hallen for fredag også. Ha (minst to) møte med vaktmestrane på førehand.
Må leggja inn registreringar per klubb samla, for at ranking skal bli rett.
Betre opplegg for påmelding frå SBTK.
Tydelegare informasjon om krav og forventningar til medlemmer.
Vera tidlegare ute med å bestilla premiar.
Kiosken: For få folk -> Teng betre oversikt over dugnaden.
Organisering: Me er veldig avhengige av eksterne (Anders og Jens). Dersom me skal gjera alt sjølv, må fleire av oss vera der heile tida. Eit arrangementskurs kan vera ein bra måte å byggja klubben, gjennom å få med dei unge og foreldre. Aktuelt tidspunkt: September/oktober.
Streaming: Me må sjå på korleis ein kan få ein plan over det som skjer, og halda den ansvarlege for streaming betre oppdatert. Ein person som sit i sekretariatet kan ha dette (men ikkje andre oppgåver).
Me må ha tydelegare roller og ansvar. Ledige stavangerspelarar må samlast på ein stad bak sekretariatet.

Det var ein del feil i innbydelsen, informasjon om fristar, betalingsinformasjon. Dette må me ta oss tid til å sjekka betre neste gang.

Rapport frå overdommar: God karakter.
Mediadekning: Streaming: Bra opplegg, bra tal treff på stream.
Andre media: Svakt.
Forbetring: Laga liste over oppgåver/ansvar og fristar.
Økonomi (Førebels):
Inntekter: 114 000
Utgifter: 75 000 (oppdatering etter møtet: 10 600 i premiar kjem i tillegg)
Randaberg sin del av kioskinntektene: ca 11 000.
Overskot: Ligg an til 40000 no. (30 00 etter at premierekninga kom med)
Overdommarar må betala i kiosken neste år (sidan dei får diett)

10. Støtte til stemne resten av sesongen, vedtok å støtta reise og påmelding til desse:
Regionscup Etne
NC3, Laksevåg
Randesund open
Lia Kixen.
Roald oppdaterar «Styret informerer»